

og kjenner alvorleg aggresjon over uretten mange utsette for, og dei systematiske løgnene til kyrkja.»
Håkon Tveit om *Philomena*



VISSTE DU AT...

... sex sel? Ja, du gjorde vel det. Det gjeld òg i kunstfilm. Frankrike byd to veker på rad på eksplisitt sex. *Blå er den varmeste fargen* har fått mykje merksemd for lange sexscener med unge kvinner. Neste veke kjem *Fremmed ved sjøen*, med menn i fri dressur i fri natur. Samstundes ventar filmpressa i spaning på *Nymphomaniac*, som Lars von Trier ikkje maktar klippa frå fem og ein halv time. All sexen skal med! No vert han klipt om av andre til to filmar på to timar, for å selja betre.

H.T.



SJÅ PÅ NETT NO

Sjå på nett no: (NRK) Julaften, syttande mai og gebursdag på ein gong for språkinteresserte – Yasmin Syed gjer ein strålende jobb med å losa oss gjennom *Dialektriket*. Programmet nyttar mykje humor, ein dose sentimentalitet og lassevis med nasjonalromantikk som aldri verkar fordomsfull eller ekskluderande. NRK har greidd å laga eit superfolkeleg program av eit tema ein kunne tenkja var reservert lærarar og språknerdar. Da e'kje feil!

B.A.



EG TILRÅR

Geirr Lystrup (musikar)
Italienske *Postmannen* frå 1994. Rørande møte mellom landsforviste Pablo Neruda og den lokale postmannen som får hjelp av dikteren til å erobre den uopnåelege kjærleiken med poetiske metaforar. Æm, humoristisk og hjarteskjerande. Den einaste filmen eg har sett meir enn tre gonger.

Forfattaren

I denne spalta stiller vi store spørsmål om dei største.

Richard Wagner: Kva ville han med livet?

Richard Wagner (1813–1883) var ein tysk skapar av musikkdrama meint å fullbyrda grekaren Aiskhylos' dramaform, der ord og song og skodespel gav ei totaloppleving. Han rekna seg like mykje som diktar som nyskapande komponist, og dei symboltunge mangetydige librettoane vart utgjevne og lesne som skodespel. I tillegg skreiv han teoretiske tekstar som forsvara denne kunstforma.

Det viktigaste verket hans?

Dei tre operaene pluss ein prolog som til saman utgjør *Nibelungens ring*. Dette er eit kosmisk drama om undergangen til gudane og som undervegs utforskar psykologiske, filosofiske og metafysiske tema, i tillegg til å innehalda ei unik formidling av handling gjennom såkalla «leiemotiv» i musikken.


Kva meinte han om samtida?

At ho var moralsk og kunstnarleg korrumpert. Wagner var sterkt kritisk til verknadene av kapitalisme og industrialisering. I ungdomen var han politisk revolusjonær, men samla etter kvart som han vart eldre all sin innsats mot kunstnarleg produksjon. Dei store nyskapingane hans i opera var direkte motivert av trua på det naudsynte i å laga eit nytt «Gesamtkunstwerk» som einskapleggjorde alle kunstformene – dikt, musikk, scenekunst og teater – til éi sams framføring.

Kva innverknad fekk han på ettertida?

Han revolusjonerte operaen som kunstform, la grunnlaget for den moderne filmmusikken og bidrog til å gjera nasjonalromantikken oppteken av historia. Nyskapingane hans for operafremføringar innebar dempa lys, skjult orkester og publikumsplassering i eit auditorium; kort sagt, alt vi i dag ser på som normalt. Før Wagner var operahusa stader for sosialisering, larm og servering i livlege båsar for samfunnseliten, men Wagner ønskte å demokratisera kunsten og bruka han til å opplysa massane. Hans visjonar for framføring vart realiserte i operahuset han sjølv fekk bygd i Bayreuth, som enno oppfører sin årlege Wagner-festival, der det er inntil ti års ventetid på billetter.

Musikalsk tøyde han også konvensjonar og forventningar til det ytste, både i harmonikk og format. Før Wagner var det knapt komponert nokon einskapleg musikalsk sekvens – slik som ein sats i eit større verk, ein arie eller koral –



Richard Wagner (1813–1883).

som varde i meir enn femten minutt. Wagners *Tristan og Isolde* kan derimot sjåast på som eit einaste samanhengande musikkstykkje på nesten fem timar. Denne utvidinga av format endra kunstmusikken for alltid.

Var han lukkeleg?

Han opplevde augneblinkar av intens glede, men størstedelen av livet hans var prega av konflikt, intrigar og pengenaud. Verka hans er heller ikkje berre produkt av overskot, men snarare tvinga fram av intense visjonar. Etter ei framføring av *Meistersongarane* – som kan kallast Wagners einaste komedie – skreiv kona, Cosima, ei bøn i dagboka om at «når framtidige generasjonar søker forfrisking i dette unike verket, måtte dei gje rom til ein liten tanke til alle tårene som ligg bak smilen i det».

Var han eit godt menneske?

Nei, han vert ofte brukt som sjølv kronksempel på ein stor kunstnar som også var eit forferdeleg menneske. Nietzsche skreiv ei heil bok som åtvare mot han etter at venskapen deira vart broten. Motsett andre store kunstnarar finst det også få døme på generøsitet frå Wagners side, og han misbrukte vener både økonomisk og romantisk.

Kven var han i strid med?

Kollegaer han hadde fornærma, kreditorar han skyldte pengar, og dei tyske fyrstedoma som tvinga han i årelangt eksil etter at han var

med på sida til dei revolusjonære under den mislukka oppstanden i mai 1849.

Trudde han på Gud?

Det er vanskeleg å seia. På den eine sida var han særst interessert i religion og mytologi; av dei mogne operaene hans er det berre ein som ikkje er basert på religiøst eller mytologisk materiale. På den andre sida var han djupt påverka av Arthur Schopenhauers ateistiske filosofi. I det seinaste teoretiske skrifter sitt seier Wagner om synet han har på religion og kunst: «Jamvel om presten er oppteken av sanninga til dei religiøse allegoriar, er ikkje det viktig for kunstnaren ettersom han presenterer dei som sitt eige arbeid.» Litt varsamt kan vi vel seia at Wagner anerkjende at religionen var viktig i kunsten, men konsentrerte seg så heil hjarta i den sistnemnde at det er vanskeleg å vita kva han eigenleg tenkte om Gud.

Kva ville han med livet?

Bidra til ein kunstnarleg revolusjon som skulle samla det politisk fragmenterte Tyskland.

Typisk sitat

I musikken: høgtidleg klingande overgangar mellom torebuldrande akkordar blåsne på messinginstrument. I ord: kjærleiksdød frå slutten av *Tristan og Isolde*: «Ser de ikkje? å drukna, å søkka, umedviten, høgste lyst!»

ALEXANDER Z. IBSEN

Alexander Z. Ibsen er styreleiar i Det norske Wagnerselskap.

står som produsent og medforfattar av manus, syner at mannen har fleire strenger å spela på enn eg ante.

Philomena er eit vellukka drama. På grensa til ein tradisjonell tåreperse, kanskje, men stødig og viktig. Frears er van med å hova inn prisar og gjer det igjen. Det er han vel unnt.

Eg ler, lever meg inn i historia og kjenner alvorleg aggresjon over uretten mange tusen unge kvinner i nær fortid vart utsette for, og dei systematiske løgnene til kyrkja. Då har den engelske eleganten nådd målet sitt.

HÅKON TVEIT

Håkon Tveit er lektor ved Institutt for framandspråk ved Universitetet i Bergen og fast filmmeldar i Dag og Tid.

bruka til å effektivisera Flåklupa Tidende med, har wow-effekten med seg. Den kjekkaste oppjusteringa frå den fyrste filmen må eg seia er at dei snakkar nydeleg hedmarksdialekt – tippar Kjell Aukrust ville vore nøgd med den! Ikkje minst trur eg dette er ein film som ungane vil lika – vaksne Flåklupa-nostalgarar er éin ting, men det er jo faktisk ein barnefilm. Ta trygt med småttingane på kino til jull!

BRIT AKSNES